



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 73

(2004–2005)

Om lov om endringer i lov 6. juni 1891 nr. 2 om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og Stempling m.v.

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet av 8. april 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Barne- og familiedepartementet legg med dette fram forslag til lov om endringer i lov 6. juni 1891 nr. 2 om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og Stempling m.v. Departementet føreslår at varer av edle metall som er stempla med finleiksmerke, ikkje treng å stemplast med norsk ansvarsmerke dersom dei er stempla i samsvar med lovgivinga i ein stat som er part i EØS-avtalen, dersom visse føresetnader er oppfylte. Det blir gitt heimel til å kunne gi forskrifter om opphøyr og fornying av registrering av ansvarsmerke, og at det skal betalast avgift for fornyinga av registreringa. Ein føreslår at endringane blir tekne inn i § 4 i lova.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

Det har vist seg at registrering av ansvarsmerke utan tidsavgrensing er uheldig, mellom anna fordi det er registrert merke som ikkje lenger er i bruk. I tillegg har alle dei andre nordiske landa ei tidsavgrensing. Patentstyret har derfor bedt om ei lov- og forskriftsendring for å få til eit meir fleksibelt og oppdatert regelverk. Det har også vore behov for å tilpasse lova til EU-krav om fri flyt av varer i dei tilfella der det edle metallet er stempla med lovleg varemerke i eit anna EØS-land.

2.1 Høyring

Barne- og familiedepartementet sende forslag til endringer i lov om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og Stempling m.v. til høyring 23. februar 2004 med høyringsfrist 21. mai 2004. Desse institusjonane og organisasjonane fekk saka til høyring:

Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Finansdepartementet
Justis- og politidepartementet
Kultur- og kyrkjedepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Utanriksdepartementet
Patentstyret (Styret for det industrielle rettsvern)
Styret for Edelmetallkontrollen
Edelmetallkontrollen
Norges Gullsmedforbund
Norges Urgrossistforening
Norges Urmakerforbund
Forbrukarrådet
Bedriftsforbundet
Landsorganisasjonen (LO)
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Norges Husflidslag
Norsk Designråd
Norske brukskunstnere
Norske Kunsthåndverkere
Norway Design AS

Desse høyringsinstansane hadde merknader til høyringsnotatet:

Justis- og politidepartementet
Edelmetallkontrollen
Norske Kunsthåndverkere

3 Tidsavgrensing av ansvarsmerke

Ei vare som blir stempla med finleiksmerke, skal som hovudregel samstundes stemplast med eit ansvarsmerke. Ansvarsmerket fortel kven som har ført vara til marknaden (til dømes produsent eller importør), og gjer det mogleg å identifisere kven som har laga vara, til dømes kva for ein gullsmed. Ansvarsmerkeregistrering inneber at merke innehavaren har høve til å føre på finleiksstandard på gull-, sølv- eller platinavarer. Merke innehavaren har ansvaret for at den finleiksstandarden som er oppgitt, er korrekt. Registrering av ansvarsmerke er pliktig mellom anna ut frå kontrollomsyn.

Registrering av ansvarsmerke skjer hos Patentstyret (Styret for det industrielle rettsvern). Etter dei gjeldande reglane er det ikkje nødvendig å fornye registreringa. Registreringa av eit ansvarsmerke er evigvarande.

Føresegnene om ansvarsmerke er gitt med heimel etter lov om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og stemming m.v. § 4 første ledd, og inneheld mellom anna reglar om søknad om registrering, om verneområdet for ansvarsmerke, om klager og om registreringsavgift.

Varemerkeutredning II vart lagd fram i NOU 2001:8 Lov om varekjenning med motiver fra Varemerkeutredningen II.

Her siterer vi dette frå kapittel 9 Ansvarsmerker på side 49:

«Etter de gjeldende regler er det ikke nødvendig å fornye registreringen for å holde den i kraft – registreringen av et ansvarsmerke er evigvarende. Varemerkeutredningen II anser dette som lite heldig, da registeret over ansvarsmerker på denne måten kommer til å inneholde merker som er gått ut av bruk og som innehaveren har mistet interessen i å opprettholde som ansvarsmerke. I de øvrige nordiske land må en registrering av et ansvarsmerke fornyes.

Det foreslås på bakgrunn av henvendelser fra Edelmetallkontrollen at det i loven tas inn i § 4 første ledd hjemmel for å gi forskrift om opphør, fornyelse og avgift for fornyelse. Man kan hente forbilde for fornyelsesordningen fra de tilsvarende regler om registrerte vare- og fellesmerker.»

I tillegg har Patentstyret i brev datert 4. november 2003 bedt om at registreringa av ansvarsmerke blir avgrensa i tid.

3.1 Forslaget frå departementet

Departementet foreslo i høyringsnotatet at det blir teke inn i lov om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og Stempling m.v. § 4 første ledd ein heimel for å avgrense i tid registreringa av ansvarsmerke og dessutan opphøyr og fornying av slike registreringar. Vidare vart det teke inn heimel for behandling av søknader og nærmare avgiftssatsar for behandlinga av dei.

Departementet viste til NOU 2001:8 Lov om varekjenning med motiver fra Varemerkeutredningen II punkt 14.3 der det blir foreslått ein tilnærma lik regel:

«Hvis en vare finhetsstemples, skal den også samtidig stemples med et ansvarsmerke med mindre dette er praktisk umulig: Kongen gir nærmere forskrifter om slike stemplinger, *herunder* om registrering av ansvarsmerker *og om opphør og fornyelse av slike registreringer*. Kongen kan herunder bestemme at det skal betales avgift for registrering *og fornyelse av registrering* av ansvarsmerker.»

3.2 Synet til høyringsinstansane

Justisdepartementet peiker på at heimelsregelen i § 4 første ledd bør formulerast slik det er foreslått i NOU 2001:8. Forslaget går ut på at verknadene av å registrere eit ansvarsmerke skal vere tidsavgrensa, men at registreringa og dermed verknadene av registreringa kan fornyast så mange gonger ein ønskjer. At registreringa av ansvarsmerke opphøyrer, vil ikkje gjere noko med gyldigheita av eit ansvarsmerke som er stempla på ei vare mens ansvarsmerket er registrert.

3.3 Vurderinga til departementet

Ingen høyringsinstansar har hatt innvendingar mot forslaget om at det blir innført heimel for å gi forskrift om opphøyr, fornying og avgift for fornying av ansvarsmerke. Departementet har forma § 4 i samsvar med forslaget frå Justisdepartementet. Endringane er tekne inn i andre ledd.

4 Varer av edle metall innanfor EØS-området som er stempla med eit lovleg ansvarsmerke i heimlandet

I Varemerkeutredning II (NOU 2001:8) rår ein til at det blir vurdert å gjere unntak frå føresegnene i lova om stemming av norsk ansvarsmerke på edelmetall for verksemdar innanfor EØS-området. Foreset-

naden er at dei har stempla eit ansvarsmerke på vara i heimlandet sitt. Grunngevinga for forslaget er at ordninga i dag ser ut til å ha eit ikkje avklart forhold til reglane i EØS-avtalen om fri flyt av varer.

Formålet med å bruke ansvarsmerke er at forbrukarane og styresmaktene skal kunne identifisere kven som har ført den aktuelle vara av edle metall til marknaden. Dersom ein er i gull- og sølvsmedbransjen og vil selje eigenproduserte varer, har ein plikt til å ha eit ansvarsmerke slik at produsenten kan identifiserast. Ansvarsmerket skal vere eit hjelpemiddel for å halde ved lag tilliten til varer av edle metall og skal sikre at den verkelege finleiken til vara er i samsvar med den finleiken som er stempla på vara.

Per i dag finst det ikkje noko sentralt EU/EØS-register for ansvarsmerke. Ettersom landa har ulik praksis på området, er det også tvilsamt om noko slikt register blir oppretta i nær framtid.

4.1 Rettspraksis – Houtwipperdommen

EF-domstolen kom 15. september 1994 med ein dom som gjeld flyten av varer av edelt metall innanfor EU/EØS-området, den såkalla Houtwipperdommen.

Etter dommen skal artikkel 30 i Roma-traktaten tolkast slik at han ikkje er til hinder for å bruke nasjonale føresegner der det er forbode å omsetje varer av edle metall som ikkje har rett merking av finleiken. Dette gjeld berre i det omfanget varene ikkje er forsynte med stempel som er like opplyssande som stempla etter lovgivinga i importlandet, og som er forståeleg for forbrukarane i importlandet. Varene må likevel vere stempla i samsvar med lovgivinga i eksportlandet.

Når nasjonale føresegner seier at stempel skal førast på av eit uavhengig organ, kan ein ikkje forby omsetning av varer av edle metall som er innførte frå andre medlemsstatar dersom desse varene har vorte stempla av eit uavhengig organ i eksportlandet.

4.2 Utanlandsk lovgiving på området

Danmark

Danmark har sidan 1. januar 1997 hatt ei lovgiving der varer av edle metall som er produserte innanfor EØS-området, og som er stempla med eit lovleg ansvarsmerke i sitt EU/EØS-heimland, ikkje skal stemplast med eit dansk ansvarsmerke. Danskane har ulike reglar for registrering av danske merke og melding om merke frå andre EØS-land.

Formålet med å endre dei tidlegare føresegne-

ne var å tilpasse dei danske reglane til dei gjeldande reglane i EU for den indre marknaden, slik at reglane ikkje lenger skulle vere ei teknisk handelshindring.

Etter dei danske reglane skal alle importørar eller forhandlarar av varer av edle metall før marknadsføringa sjå til at dei aktuelle varene er stempla og kontrollerte på ein måte som ikkje er dårlegare enn den danske ordninga. Forhandlararen/importøren har plikt til å opplyse til Edelmetallkontrollen i Danmark om namnestempel på varer av edle metall som blir marknadsførte etter reglar om EU/EØS-namnestempel. Edelmetallkontrollen skal behandle innsende opplysningar om namnestempel frå eit anna land i EU/EØS for å sikre at namnestempel ikkje kan forvekslast med kvarandre, det vil seie at det skal vere mogleg å spore opphavet.

Både forhandlarane og importørane skal kunne dokumentere at forholda i samband med jamstilling er i orden. Edelmetallkontrollen skal som hovudregel ikkje medverke til dette, da dette i seg sjølv kan oppfattast som ei teknisk handelshindring. Når det gjeld kontroll, tek forhandlararen og importøren derfor på seg ansvaret for at kontrollen er gjennomført på dei vilkåra, i eit omfang og på eit teknisk nivå som minst svarer til den kontrollen som blir gjennomført av den danske Edelmetallkontrollen.

Sverige

Sverige fekk 1. januar 2000 ei ny edelmetallov (ädelmetalllag). Loven krev at produkta skal stemplast med ansvarsmerke, men registreringsplikta for produsentar som har det som yrke, importørar og seljarar vart avskaffa. Svenske ansvarsmerke skal framleis vere registrerte. Utan krav om registrering i Sverige skal utanlandske finleiksmerke og ansvarsmerke (namnemerke) som er registrerte i eit anna EØS-land, sidestillast med svenske. Føresetnaden er at det er mogleg å spore ansvarsmerket (namnemerket) til dømes gjennom register i andre EØS-land. Utan krav om svenske ansvarsmerke eller svensk kontrollstempling kan varer frå andre EØS-land seljast fritt i Sverige dersom dei utanlandske stempla kan «samanliknast» med svenske stempel.

4.3 Framlegget frå departementet

Det er eit krav i lova at dersom ei vare av edelt metall blir finleiksstempla, skal ho samstundes stemplast med eit norsk varemerke. I Varemerkeutredningen II rår ein til at det blir vurdert å gjere unntak

frå denne regelen overfor verksemdar innanfor EØS-området, som har stempla eit ansvarsmerke på vara i heimlandet sitt. Grunngivinga for forslaget er at ordninga i dag ser ut til å ha eit ikkje avklart forhold til reglane i EØS-avtalen om fri flyt av varer.

Barne- og familiedepartementet fremma eit slikt forslag i høyringsnotatet. I tillegg vart det fremma forslag om ei plikt for importøren og forhandlaren til å melde frå til Edelmetallkontrollen dersom eit merke er registrert i ein annan EØS-stat.

4.4 Synet til høyringsinstansane

Edelmetallkontrollen uttaler:

«(...) Erfaring fra kontrollvirksomheten viser at det tidsvis kan være vanskelig å fremskaffe informasjon om varer med ukjente ansvarsmerker. De fleste gullsmedforretninger forhandler varer fra flere leverandører og sporbarhet tilbake til innkjøpstidspunktet er ofte mangelfull. Hensikten med registrering av ansvarsmerker er jo nettopp å muliggjøre kontroll ved at varens opphav enkelt kan identifiseres. Tilfeller av forvekslingsbare merker vil dessuten kunne passe uoppdaget. (...)»

For å unngå uheldige konsekvenser bør ordlyden i tillegget til § 4 skjerpes, slik at importører pålegges å underrette Edelmetallkontrollen om ansvarsmerket innen varer fra EØS-området introduseres på det norske markedet.»

4.5 Vurderinga til departementet

Departementet ser det som viktig at kontrollen med varer av edle metall som blir omsette her i landet, held fram. Departementet føreslår ein modell som er tilnærma lik den danske modellen. Ved endringa må føreseigna tilpassast reglane i EØS-avtalen om fri flyt av varer.

Synspunkta til Edelmetallkontrollen og Justisdepartementet er innarbeidde ved utforminga av endringane i § 4. Føreseigna blir teken inn i § 4 første ledd.

Etter lova § 7 kan det gjerast unntak frå føreseigna i lova dersom dette er nødvendig av omsyn til avtale med ein annan stat eller til internasjonalt samarbeid. Føreseigna kom inn da Noreg slutta seg til EFTA-konvensjonen om kontroll og merking av artiklar av edle metall. Retten til å gjere unntak er delegert til Barne- og familiedepartementet. Departementet føreslår likevel å ta inn i lova ein regel om at ei vare som er stempla i samsvar med lovgivinga i ein stat som er part av EØS-avtalen, ikkje treng å bli stempla med norsk ansvarsmerke under visse føresetnader. Det er viktig at dette går klart og tydeleg fram av lova.

5 Notifisering

Forslaga i punkta 3 og 4 har vore notifiserte til EU- og EØS-landa i samsvar med 98/34-prosedyren om moglege tekniske handelshindringar, jamfør EØS-høyringslova av 17. desember 2004, som tok til å gjelde 1. januar 2005. EU kom med fråsegn om forslaget. Departementet har på bakgrunn av denne fråsegna avklart overfor EU-kommisjonen at ei vare som er stempla i samsvar med lovgivinga i ein stat som er part av EØS-avtalen, ikkje treng å bli stempla med norsk ansvarsmerke under visse føresetnader. Heller ikkje utanlandske finleiksmerke skal registrerast her i landet.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane i § 4 vil venteleg ikkje få særlege økonomiske eller administrative konsekvensar for Patentstyret. Patentstyret har dei siste åra berre hatt nokre få søknader om registrering av ansvarsmerke frå andre EØS-land. Importøren eller forhandlaren får etter omstenda nye oppgåver i dei tilfella der ei vare er stempla i samsvar med lovgivinga i ein annan stat som er part i EØS-avtalen. I slike tilfelle skal importøren eller forhandlaren gi melding med dokumentasjon til Edelmetallkontrollen med opplysningar om stemplinga før vara blir ført i handelen. På den andre sida treng ikkje utanlandske produsentar som er omfatta av unntaket for varer som er stempla i samsvar med lovgivinga i ein stat som er part i EØS-avtalen, å registrere ansvarsmerket sitt hos Patentstyret.

7 Merknader til føreseigna

I § 4 første ledd blir det gitt heimel for at ei vare som er stempla i samsvar med lovgivinga i ein annan stat som er part i EØS-avtalen, ikkje treng å bli stempla med ansvarsmerke her i landet under desse føresetnadene, jf. *andre punktum*:

- at merket ikkje er eigna til å bli forveksla med eit norsk ansvarsmerke,
- at produsenten av vara kan identifiserast, og
- at det kan dokumenterast at merket er ført på vara på lovleg måte

Før ei vare blir ført i handelen, skal importøren eller forhandlaren gi melding med dokumentasjon til Edelmetallkontrollen med opplysningar om stemplinga, jf. *tredje punktum*.

Etter straffelova § 375 skal den som gjer seg skuldig i ulovleg stempling av varer av gull, sølv eller andre metall, eller som tilbyr ulovleg stempla metallvarer, straffast med bøter eller fengsel i inntil 3 månader.

Andre ledd byggjer på det noverande første ledd, andre og tredje punktum. I andre ledd blir det teke inn heimel for å gi forskrift om behandling av søknader, om opphøyr og fornying av registreringar av ansvarsmerke. Vidare kan Kongen fastsetje at ein skal betale avgift for å fornye registrering av ansvarsmerke. Heimlane om opphøyr og fornying blir innførte som ei følgje av at ein føreslår å avgrense gyldigheita av registreringa av ansvarsmerke. Det vil bli fastsett ei ny forskrift om ansvarsmerke der lengda av gyldigheita av registreringa blir presisert. Kongens avgjerdspekt etter § 4 er ifølgje kongeleg resolusjon 10. juni 1983 delegert til Barne- og familiedepartementet, jamfør kronprinsregentens resolusjon 21. desember 1990. Også av-

gjerdspekt etter forslaget vil bli delegert til Barne- og familiedepartementet.

Tredje ledd svarer til noverande andre ledd.

Ein tek sikte på å ta overgangsreglar inn i forskrifta om ansvarsmerke når ein no går frå eit system med ansvarsmerke utan tidsavgrensing til eit system med tidsavgrensa ansvarsmerke, jf. *lovfor-
slaget avsnitt II*.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 6. juni 1891 nr. 2 om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og Stempling m.v.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 6. juni 1891 nr. 2 om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og Stempling m.v. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i lov 6. juni 1891 nr. 2 om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og Stempling m.v.

I

I lov 6. juni 1891 nr. 2 om Guld-, Sølv- og Platinavarers Finhed og Stempling m.v. skal § 4 lyde:

Hvis en vare finhetsstemples, skal den også samtidig stemples med et ansvarsmerke med mindre dette er praktisk umulig. *Dette gjelder ikke for en vare som er stemplet i samsvar med lovgivningen i en stat som er part i EØS-avtalen, forutsatt at*

- a) merket ikke er egnet til å forveksles med et norsk ansvarsmerke,*
- b) produsenten av varen kan identifiseres, og*
- c) det kan dokumenteres at merket er lovlig påført varen.*

Importør eller forhandler skal gi melding med dokumentasjon til Edelmetallkontrollen med opplysninger om stemplingen for en vare som nevnt i forrige punktum, bringes i handelen.

Kongen kan gi nærmere forskrifter om stemplinger, *herunder om søknadsbehandling og registrering av ansvarsmerker og om opphør og fornyelse av slike registreringer*. Kongen kan herunder bestemme at det skal betales avgift for registrering av ansvarsmerker *og fornyelse av registrering av ansvarsmerker*.

Stemplingen behøver i intet Tilfælde at skje ved Guardien (§ 6). Foretages den af saadan, skal han tillige paatrykke sit eget, af Kongen bestemte Mærke.

II

Loven gjeld frå den tid Kongen bestemmer.

Kongen kan gi nærmare overgangsføresegner.



Tryk: A/S O. Fredr. Arnesen. April 2005